

Gode fiskefangstar i regnfattig sesong

15.10.2008



Kåre Vetrhus, her med eitt ava dei nye og innbydande parkerings-skilta, kan leggja fram relativt sett positive tal for ein ny fiskesesong.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Fiskesesongen 2008 i Uskedalselva var relativt sett god når ein tek omsyn til at han vart svært stutt på grunn av lite nedbør. Det var ikkje brukbare fisketilhøve meir enn tre-fire veker, påpeikar leiar i grunn- og elveeigarlaget Kåre Vetrhus når han legg fram dei offisielle fangst-tala for sesongen for uskedalen.no.

Dei fortel at det vart fanga 111 aure som vog tilsaman 120 kilo medan dei tilsvarende tala i fjor var 95 aure og 103 kilo.

Når det så gjeld laksen, er han inndelt i tre vektklassar:

Det vart fanga 19 laks under tre kilo og dei vog 37 kilo, medan fjarårsfangsten her var 63 laksar på tilsaman 112 kilo.

Det vart vidare i år fanga 32 laks mellom tre og 6,9 kilo og dei vog 145 kilo. Dei tilsvarende tala i fjor var 30 laks på tilsaman 133 kilo.

Endelag vart det teke to laksar over sju kilo og dei vog 8,6 og 7,4 kilo – tilsaman 16 kilo. I fjor vart det fanga fire laksar over sju kilo og dei vog 29 kilo.

På grunn av dei därlege tilhøva i år er det ikkje lett å samanlikna tala, men dei kan tyde på at gjennomsnittsvekta på laksen har auka.

Vetrhus berømmer både grunneigarar og fiskarar utanfrå fordi dei har vore mykje flinkare enn i fjor til å rapportera inn fangstane sine. Men så har da også laget hatt eit ris bak spegelen.....

Av dei 51 som kjøpte årskort kom det rapportar frå 48 medan 43 av dei 57 som kjøpte døgnkort rapporterte.

Rapporteringa er svært viktig med tanke på den vidare planleggjing av kultiveringarbeidet i elva.

Av Ola Matti Mathisen